

Saksnr
37/14

Utval
Komité for næring, miljø og kultur

Møtedato
10.12.2014



REGIONAL PLAN FOR VASSREGION HORDALAND 2016-2021 - UTTALE

Framlegg til vedtak/innstilling:

1. Stord kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ein felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektorstyresmaktene, og ønskjer vere ein aktiv bidragsyter til at måla i vassforskrifta nås.
2. Stord kommune vil understreke behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald, for å sikre innføringa av direktivet i vassforvaltninga og gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområder.
3. Stord kommune er kjend med dei utfordringane som går fram av dokumentet, og vil rá til at det blir lagt mest vekt på Stord bekkefelt Vest der det er mykje aktivitet, Ållandsvatnet som er eit viktig vassdrag i kommunen, og Aslaksvika med ureina sediment frå gamal industri.

Saksprotokoll i Komité for næring, miljø og kultur - 10.12.2014

Vedtak

1. Stord kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ein felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektorstyresmaktene, og ønskjer vere ein aktiv bidragsyter til at måla i vassforskrifta nås.
2. Stord kommune vil understreke behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald, for å sikre innføringa av direktivet i vassforvaltninga og gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområder.
3. Stord kommune er kjend med dei utfordringane som går fram av dokumentet, og vil rá til at det blir lagt mest vekt på Stord bekkefelt Vest der det er mykje aktivitet, Ållandsvatnet som er eit viktig vassdrag i kommunen, og Aslaksvika med ureina sediment frå gamal industri.

Handsaming

Samrøystes vedteke

Dokumentliste

I	16.04.2010	Hordaland fylkeskommune, Klima- og naturressursseksjonen	Oppstartsmøte i vassregion Hordaland 30. april 2010
I	16.12.2010	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Varsel om oppstart av arbeid med forvaltningsplan for vassregion Hordaland. Høyring av planprogram
I	10.03.2011	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Oppgåver etter vassforskrifta i 2011
S	16.05.2011		Uttale til planprogram 2010-2015 for Forvaltningsplan for vatn 2016-2021
X	07.06.2011		Særutskrift - Uttale til planprogram 2010-2015 for Forvaltningsplan for vatn 2016-2021
U	05.07.2011	Hordaland fylkeskommune	Uttale til planprogram 2010-2015 for forvaltningsplan for vatn 2016-2021 - Stord kommune
I	25.06.2012	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Høyring av "Vesentlege vassforvaltningssspørsmål" for Hordaland vassregion
U	20.12.2012	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Høyring av "Vesentlege vassforvaltningssspørsmål" for Hordaland vassregion
I	22.02.2013	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Vassforskrifta - arbeidsoppgåver for kommunar og sektormyndigheter i 2013 etter vassforskrifta
I	30.06.2014	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Høyring av Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
S	22.10.2014		Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 - uttale

Vedlegg

Regional Plan for vassregion Hordaland 2016-2021 og Regionalt tiltaksprogram i vassregion Hordland 2016-2021, ligg på nettsida www.vannportalen.no/hordaland

Tiltaksanalyse for Sunnhordland Vassområde (innarbeida i Regional plan for vassregion Hordaland), og overvakningsprogram for vassregion Hordaland ligg på same nettadresse.

Innleiing (bakgrunn for saka)

Vassregionmyndigheita for Vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram ut på høyring og offentleg ettersyn. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn.


Høyringsfrist er 31.12.2014. Forvaltningsplanen og tilhøyrande tiltaksprogram har status som regional plan og skal vedtakast av respektive fylkesting i vassregionen i løpet av 2015. Regjeringa skal ha den regionale planen for vassregion Hordaland innan 1. juli og den skal deretter godkjennast ved Kongelig resolusjon.

Planen gir regionale og statlege føringer til kommunane, og regionale og statlege organ og skal bidra til å samordne og gje retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) trådde i kraft i 2007 og innførte EUs vassrammedirektiv i norsk forvaltning. Hensikta med ein regional vassforvaltningsplan er å gje ei enkel og oversiktleg framstilling av korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane på lang sikt og i alle sektorer, slik at vi når målet i vassforskrifta. Alle styresmakter som er omtalt er forpliktat til å følgje opp ved å leggje planen til grunn for si planlegging og verksemd.

Det viktigaste faktagrunnlaget for planen er data som er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning vann-nett (www.vannnett.no/saksbehandler). Databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet. Dette arbeidet vart gjennomført hovudsakleg i 2012-2013, men er eit kontinuerleg arbeid.



Figur 1. Miljømålet for alt vatn er god tilstand.



Figur 2. Planhjulet for gjennomføring etter vassforskrifta.

Organisering av arbeidet etter vassforskrifta

Alt arbeid med oppfølging av vassforskrifta i Norge er delt inn i vassregionar. Stord kommune er med i vassregion Hordaland og vassområde Sunnhordland.

Organisering av vassområde Sunnhordland

Vassområdet skal sikre eigarkommunane sin medverknad og forpliktning, samt fagleg forankring og kontinuitet i arbeidet. Vassområdet skal også koordinere det vidare tiltaksarbeidet og vere ein arena for å hente inn kompetanse og erfaring og sørge for samhandling.

Korleis og på kva områder planen vil påverke kommunen

- Som myndighet, for eksempel for pålegg knytt til spreidd avløp
- Som tenesteprodusent, for eksempel innanfor VA, landbruk, kraftprodusent eller hamneeeigar.
- Som samfunnsutvikler, for eksempel i forbindelse med avvegninger mellom miljømål og gode rammebetingelser for næring (fiskeri, industri).

Kostnader/finansiering

Det er kostnader knytt til arbeidet i kvart einskilt vassområde. Så langt har Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune finansiert prosjektet i Vassområde Sunnhordland. Dei 9 kommunane har bidrege med deltagning i arbeidet, på lik linje med aktuelle sektormynde.

Sektormynde har ansvaret for gjennomføringa:

- Vedtak om gjennomføring av tiltaka i tiltaksprogrammet blir gjort av ansvarleg mynde etter aktuell lovgjeving. Godkjent regional plan skal inngå i grunnlaget for sektormynde si sakshandsaming.
- Sektormynde si sakshandsaming vil avklare og vurdere fordelar og ulemper ved dei einskilde tiltaka før endeleg vedtak. Her vil det også bli lagt vekt på andre omsyn enn dei som er vektlagde i regional plan. Sektormynde kan difor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.
- Dersom det i vidare arbeidet blir aktuelt å fråvike den godkjende planen, skal vedkomande mynde informere vassregionmyndet. Årsaka til avvik frå planen må beskrivast ved rapportering av tiltaksgjennomføring og i samband med neste revisjon av planen.

Planen set miljømål for 1803 vassførekomstar som er i risiko for ikkje å oppnå god miljøtilstand innan 2021, og tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å forbetre miljøtilstanden.

Det er tre faktorar som særleg påverkar vassførekomstane i vassregionen:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)
3. Forureining

Sur nedbør kan vi ikkje påverke i særleg grad. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og truga arter i vassregionen.

Planen set miljømål for elvar, bekkar, grunnvatn og kystvatn. Over halvparten av vassførekomstane i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for ikkje å oppnå miljømåla i 2021 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsaka sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining, miljøgifter og område med kosthaldsråd.

Vurdering

Kommunen har vore med og bidrege med å hente inn kunnskap om vatn i Stord og ser at ein gjerne skulle hatt meir dokumentasjon for å vurdere «helsetilstanden» på vatnet i kommunen. I og med at miljøtiltak kostar pengar er det viktig at det er dei rette tiltaka og prioriteringar som blir vedteken og gjennomført. Rådmannen ser det som positivt at ein gjennom denne planen no vil samarbeide meir om å redusere kostnader med miljøundersøkingar og dele på arbeidet og kostnadene med å heve miljøtilstanden i vassførekomstar til god.

Rådmannen vil her kommentera det som omhandlar Stord kommune under kapittel Vassområde Sunnhordland (Kap 6.3).

Stord bekkefelt Vest

Bekkefeltet er vurdert som dårlig økologisk tilstand og målet er god økologisk tilstand i 2021. Dette vassdraget omfattar eit stort område med mykje menneskeskapt påverknad, men me veit for lite om kvar konkret ureininga kjem frå og kommunen har derfor føreslått tiltaket problemkartlegging i planen. Det er registrert påverknad frå industri der kommunen har ansvaret for å følgja opp med avbøtande tiltak i reguleringsplanar.

Rådmannen meiner det er viktig å ha fokus på dette vassdraget og meiner problemkartlegging er naudsynt for å sette i verk dei mest effektive tiltaka. Det kan diskuterast om målet god økologisk tilstand i 2021 er noko optimistisk i så måte.

Ådlandsvatnet

Planen seier at vatnet har moderat økologisk tilstand og kommunen trur at det skuldast framandarten Smal Vasspest, som fylkesmannen er ansvarleg for å følgja opp. Rådmannen står derfor fast ved at ein i planen ikkje har kome med forslag til tiltak for påverknaden byar/tettstader. Skulle dette vise seg å vera ei feil vurdering vil kommunen sjå på aktuelle tiltak.

Aslaksvika

Her er påverknaden industri og Stord kommune støttar fylkesmannen sine 3 forslag om tiltak som går fram av planen: Overvaking og etterkontroll, regulere påslepp av industrielt avløpsvatn og reinsing av forureina grunn.

Konklusjon

Stord kommune er kjend med dei utfordingane som går fram av dokumentet, og vil rá til at det blir lagt mest vekt på Stord bekkefelt Vest der det er mykje aktivitet, Ådlandsvatnet som er eit viktig vassdrag i kommunen, og Aslaksvika med ureina sediment frå gamal industri.

Stord kommune har ingen andre merknader til regional plan for vassregion Hordaland eller Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021.

Plan for gjennomføring

Tiltaka skal vere operative innan tre år etter at tiltaksprogrammet er vedteke og det er dei ulike sektormynde som er ansvarleg for oppfølginga av tiltaka. Miljømåla er sett til 2021 for alle tiltak i kommunen.